



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
182/20	Formannskapet	29.10.2020
088/20	Kommunestyret	05.11.2020

Sakshandsamar: Monika Lysne	Arkiv:	Arkivsaksnr. 19/849 - 51
-----------------------------	--------	--------------------------

Reguleringsplan for ny golfbane og utvida masseuttak på Ljøsne - fastsetting av planprogram

Kort samandrag:

Planprogram for privat *Detaljregulering for golfbane og masseuttak på Ljøsne* har lege ute til offentlig ettersyn. MetoPro AS har for tiltakshavar samla inn merknadar og justert planprogram. Det ligg no til rette for å fastsette planprogrammet.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å fastsetja framlegg til planprogram (endeleg versjon, justert etter høyringsperioden) for privat *Detaljregulering for ny golfbane og utvida masseuttak på Ljøsne*, i medhald av Plan- og bygningslova §§ 4-1, 12-3 og 12-9.

29.10.2020 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

FS-182/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtek å fastsetja framlegg til planprogram (endeleg versjon, justert etter høyringsperioden) for privat *Detaljregulering for ny golfbane og utvida masseuttak på Ljøsne*, i medhald av Plan- og bygningslova §§ 4-1, 12-3 og 12-9.

05.11.2020 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Viktor Yttri (SP) gjekk frå som ugild ved handsaming av saka:
Britt Bruflot Gram (SP) møtte.

Røysting:

Tilrådinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS-088/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtek å fastsetja framlegg til planprogram (endeleg versjon, justert etter høyringsperioden) for privat *Detaljregulering for ny golfbane og utvida masseuttak på Ljøsne*, i medhald av Plan- og bygningslova §§ 4-1, 12-3 og 12-9.

Vedlegg:

Planprogram med merknadsrapport Sløgrandane

Planprogram Sløgrandane endeleg

Merknadsrapport Sløgrandane m vedlegg

Detaljregulering for golfbane og masseuttak på Ljøsne - planprogram til offentleg ettersyn og utvida planormådet

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova §§ 4-1, 12-3 og 12-9.

Forskrift for konsekvensutgreiingar.

Saksutgreiing

Meto Pro AS har starta planarbeid for ny golfbane og utviding av masseuttak på Ljøsne på vegne av tiltakshavarane Lærdal Golfklubb og Voll Lunde Maskin AS. Kommunestyret vedtok oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn i møte 07.05.2020. Det har vore gjennomført breid varsling av planarbeidet, der både grunneigarar, naboar, lag, organisasjonar og offentlege myndigheiter har fått varsel per brev. I tillegg har planarbeidet vore varsla i avis, på heimesida til kommunen og på Facebook-sida til kommunen. Golfklubben har hatt fleire møter med kommunen og grunneigarar i prosessen.

Det har vore varsla oppstart av planarbeidet tidlegare, men då planområdet vart utvida, måtte dette varslast om på nytt. Det er komme 8 innspel til fyrste varsel om planoppstart, og 6 merknadar til nytt varsel om planoppstart og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn. MetoPro AS har samla alle innspela i merknadsrapport, gjort mindre justeringar av planprogrammet i tråd med merknad, og sendt over til kommunen for endeleg handsaming (fastsetting) av planprogrammet.

Økonomiske konsekvensar

Ingen

Vurdering

Administrasjonen meiner framlegg til planprogram som ligg føre tilfredstiller krava i forskrift for konsekvensutredningar og Plan- og bygningslova. Planprogrammet tek grundig for seg dei vurderingane som må gjerast på noverande tidspunkt, og gjev ei god oversikt over kva vurderingar og konsekvensutgreiingar som må gjerast i planprosessen. Det kjem tydeleg fram at elvane i området (Lærdalselva og Nivla), friluftsliv, landbruk og biologisk mangfald er viktige fokusområde i planarbeidet. Utbyggjar for masseuttaket er i dialog med fylkeskommunen om arkeologiske utgravingar i området.

Så langt i planarbeidet har det vore god dialog med dei råka grunneigarane i området. Grunneigarane er i all hovudsak positive til tiltaka. Kommunestyret har vore på synfaring på masseuttaket og begge sakene har vore drøfta i Regionalt planforum knytt til innspela som kom inn til arealdelprosessen. Regionalt planforum har og vore på synfaring i planområdet.

Administrasjonen meiner planprogrammet som ligg føre legg gode premissar for det vidare planarbeidet, og har teke inn over seg dei viktigaste uttalane som er komne etter fyrste oppstartsvarselet. Nokre av innspela som er komne inn gjeld vurderingar som må gjerast gjennom planprosessen, og desse vert følgd opp i sjølve utarbeiding av planen.

Administrasjonen rår til at framlegg til planprogram vert fastsett slik det ligg føre i endeleg versjon sendt over frå tiltakshavarane med merknadsrapport.